

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 033, TI - &00	15/1165

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
36/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

Justerering av punkt 5 i Reglement for Meland kommunestyre

Vedlegg:

Framlegg til forfallsskjema

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Punkt 5 i Reglement for Meland kommunestyre omhandlar møteplikt, forfall og varamedlem. Punktet byggjer på § 40 i kommunelova, som slår fast den som er vald som medlem i eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkeval organ, plikter å delta i organet sine møte, dersom det ikkje ligg føre gyldig forfall. Lova gir ikkje ei nærmare rettleiing på kva som ligg i kriteriet «gyldig forfall», men i kommentarutgåva til kommunelova (Overaa/Bernt) vert det lagt til grunn at ein kan byggje på kriteria i domstollova, der det i § 90 heiter: *«Gyldig forfall foreligger hvis sykdom eller andre hindringer gjør det umulig eller uforholdsmessig byrdefyllt å møte.»*

Vurdering

Per i dag vert det i Meland praktisert ei ordning der kommunestyremedlemmene melder forfall til resepsjonen på rådhuset, som oftast per telefon, jf. pkt. 5 i reglementet. Sekretariatet kallar så inn varamedlem. Til tider har ei slik munnleg meldingsform vore årsak til misforståingar kring forfall og behovet for å kalle inn varamedlemmer. Det kan også vere ryddig at lova sine krav til «gyldig forfall» kjem meir tydeleg fram.

Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

Miljø

Ikkje relevant i saka.

Økonomi

Ikkje relevant i saka.

Konklusjon

Administrasjonen har utarbeidd eit enkelt skjema som skal nyttast ved melding om forfall. Skjemaet vert lagt på kommunen si nettside, og etter utfylling skal det sendast til postmottak@meland.no. (Det vert jobba med å få laga eit elektronisk skjema, noko som vil gjøre meldeprosessen enklare for

alle partar.) Når sekretariatet får oversendt den skriftlege meldinga, vert varamedlem kalla inn. Ordførar vil få kopi av alle forfallsmeldingar.

Dersom kommunestyret godkjenner det nye systemet for melding av forfall, vert det lagt til grunn at dette også må gjelde for dei andre folkevalde organa, som t.d. formannskap og hovudutvala.

Administrasjonen vil rå til at det nye meldesystemet vert sett i verk så snart vedtaket er gjort i kommunestyret. - då kan ein få gjort ev. tilpassingar før ny kommunestyreperiode tar til.

Ordlyd i justert tekst punkt 5:

«Den som er vald som kommunestyremedlem har plikt til å delta i møte, om han eller ho ikkje har lovleg forfall. Lovleg forfall ligg føre dersom sjukdom eller andre hindringar gjer det umogleg eller urimeleg byrdefylt å møte. Dersom medlem eller varamedlem har lovleg forfall, skal meldingsskjemaet *Forfall til politiske møte* fyllast ut og sendast til postmottak@meland.kommune.no. Dette skjemaet skal også nyttast dersom ein medlem er ugild i ei sak, jf. punkt 6.

Melding om forfall skal sendast så snart ein har kunnskap om at ein vil vere lovleg forhindra frå å møte. Sekretariatet vil sende kopi av meldinga til ordførar og kalle inn varamedlem.

Lovleg forfall under møtet må straks meldast til møteleiar. Ingen kan gå frå møtet før behandlinga av ei sak er slutført.

Rutinane under dette punktet gjeld tilsvarande for forfall til andre folkevelde organ.»

Justert tekst punkt 5 må skrivast inn i reglementet.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner justert tekst i Reglement for Meland kommunestyre punkt 5, slik denne ligg føre i saka.

Kommunestyret - 36/2015

KS - behandling:

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Dette framlegget vart samråystes vedteke.

KS - vedtak:

Saka vert utsett.

